



Dagny Annlaug Spissøy
Nygårdsplatået 46
9300 Finnsnes

Referanser:
Dykkar:
Vår: 23/655 - 23/6271

Sakshandsamar:
Kjersti Furnes Soltvedt
kjersti.soltvedt@masfjorden.kommune.no

Dato:
29.06.2023

Melding om retting av manglar i matrikkelen gbnr 27/1-5 Nørlandssetra

Matrikkelen er Noregs offisielle eigedomsregister og inneheldt informasjon om eigedomar, bygningar og adresser. Kartverket sender regelmessig rapportar frå matrikkelen med feil/manglar til kommunane. Det er registrert tre seterhus på Nørlandssetra som manglar adresse og tilknytning til riktig eigedom.

Nørlandssetra ligg i eit område som manglar matrikkelnummer, det vil sei at området er registrert med matrikkelnummer 0/0. For å knyte bygningane til riktig eigedom/eigar, kan vi registrere ein *fiktiv sirkeleigedom* rundt bygningane. Bygningane manglar også adresse. Grunnen til dette, er at det ikkje er mogeleg å opprette adresse i matrikkelen på ein eigedom som manglar matrikkelnummer.

Bygningane vart registrert i SEFRAK-registeret (register for faste kulturminne i Noreg) i 1978. Her går det fram kva eigedom kvart av seterhusa tilhøyrer. For å knyte bygningane til riktig eigedom/eigar, vert det registrert ein sirkeleigedom rundt kvart av seterhusa med bruksnummeret som går fram av SEFRAK-registeret. Dersom de likevel ser at det er registrert feil eigedom på seterhusa, ber vi om tilbakemelding på dette.

Tildeling av offisiell adresse er ein del av offentleg infrastruktur, der hovudføremålet er å gjera det lettast mogleg for ulike adressebrukarar å finna fram. Det går fram av adresseplanen at bygningane var tiltenkt adresse *Nørlandsvegen 281, 283 og 285*. Adressetildelinga vert no gjennomført i tråd med planlagt adressering.

Melding om retting og melding om tildeling av offisiell adresse

Det vert oppretta sirkeleigedomar for gbnr 27/1, 27/2, 27/3, 27/4 og 27/5 for å markere eigardel av seterhus som vist i skissa under.


Seterhuset tilhøyrande gbnr 27/1 og 27/2 får tildelt adresse Nørlandsvegen 285.

Seterhuset tilhøyrande gbnr 27/3 og 27/4 får tildelt adresse Nørlandsvegen 281.

Seterhuset tilhøyrande gbnr 27/5 får tildelt adresse Nørlandsvegen 283.

Klage:

Denne avgjerdsla er eit enkeltvedtak som kan klagast over, jf. matrikkellova §46. Klage skal stilast til statsforvaltaren, men sendast til kommunen. Klagefrist er tre veker frå motteke brev.



Kartutsnitt som viser området etter at matrikkelen/matrikelkartet er retta

Eigedomane med endringane er også å finna på www.nordhordlandskart.no og www.seeiendom.no

Dersom de ønskjer å få retta matrikelnummer på eigedomane som no står registrert som gbnr 0/0, kan de sende krav om retting til kommunen. De finn meir informasjon om dette på Masfjorden kommune sine heimesider her; <https://www.masfjorden.kommune.no/innhald/bygg-og-eigedom/kart-ogoppmaling2/endre-bygningsopplysningar-i-matrikkelen/>

Ta kontakt med meg på telefon 90619603 dersom de har merknader eller informasjon til gjennomført retting/adressering

Med helsing

Kjersti Furnes Soltvedt
oppmålingsingeniør

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur

Mottakarar:

Dagny Annlaug Spissøy
Haldor Nordland
Ove Nordland
Sindre Lahti Stusdal
Torbjørn Krossøy

Nygårdsplatået 46 9300
Haugvegen 1 5914
Nørlandsvegen 79 5981
Nørlandsvegen 74 5981
Nørlandsvegen 76 5981

Finnsnes
Isdalstø
Masfjordnes
Masfjordnes
Masfjordnes